



Møtereferat uke 26, 24.06.2026

Til dette arbeidsårets siste møte som ble gjennomført på Motorbåten (Motorbåtforeningens lokale), hadde 17 medlemmer og 4 gjester møtt fram. I løpet av kvelden forandret den ene gjesten hyggelig nok status til medlem.

President Rolf ønsket velkommen. Du finner hans møtemanus i slutten av referatet, men her tar vi med de som fyller år fram til og med juli:

29. juni fyller Edrund år! For øvrig i juli: Sissel Berit Hoell, Berit Midtgaard, Erik Hans Eriksen samt Nils Tore Føreland.

Presidentens møtemanus viser fremdriften i møtet, for eksempel hva som skjedde tidligere år på denne dato, diktet han leste for kvelden og hvordan opptaket av det nye medlemmet, Kari Haagensen, foregikk. Fadder Geir fortalte så vidt litt om Kari, som vi kom i kontakt med under et julemarked da vi hadde en stand i Langesund. I oktober får vi høre egoforedraget hennes.

Presidentskiftet var også en viktig del av kvelden, der avgående president Rolf Theil tok av seg presidentkjedet og plasserte det på den nye presidentens, Inge Kaggeruds, skuldre. Dette blir Inges 2. presidentperiode, det er 15 år siden sist. Inge ble takket for sin vilje til å ta vervet. Den nye presidenten takket på sin side Rolf T. for hans måte å gjennomføre siste rotaryår.

Deretter fulgte sosialt samvær med nydelige snitter som falt i smak hos alle.

Møtet ble avsluttet på Motorbåtens terrasse, der det ble tatt et fellesbilde av forsamlingen.

God sommer. Vi møtes igjen til byvandring i Langesund 12. august.

Ref: Perry



Nytt medlem Kari Haagenen



President Inge Kaggerud



Sittende fra venstre i bildet: Kjersti Martinsen, Kari Haagenen, President Inge Kaggerud, Rolf Theil, Kari Killi.

Stående fra venstre: Perry Sævik, Geir Gjømle, Yngvar Lohne, Edrund Olaisen, Tor Suhrke, Berit Midtgaard, Elisabeth Heimdal, Kari Kaggerud, Rolf Heimdal, Anne Wiik Stamsø, Turid Isnes, Eli Theil, Tore Marthinsen, Eva Solskjær Boxaspén, Halvor Thommesen



Langesund Rotaryklubb
Distrikt 2290



Presidentens møtemanus

Rotarymøte 24. juni 2026_Presidentskifte

Rotaryvener og vener av Rotary, hjarteleg velkomne til kveldens møte – det vil seie til presidentskiftet!

Fødselsdagar

Denne veka er den ingen fødselsdagar i klubben vår, men i neste veke, måndag 29. juni [1945], fyller Edrund år! Og vi gratulerer!

Men eg synest vi skal sende våre varmaste sommartankar til dei fire medlemene i klubben vår som har bursdag i juli:

- 7/7 [1954] - Sissel Berit Hoel
- 14/7 [1950] - Berit Midtgaard
- 24/7 [1949] - Erik Hans Eriksen
- 26/7 [1957] - Nils Tore Føreland

Til lykke med dagen, alle fire!

I disse fotball-VM-tider må det vere tillate å nemne at **Lionel Andrés Messi Cuccitini**, fyller 39 år i dag. Han blei fødd 24. juni 1987.



Tillat meg også å leggje til at eg sjølv har eit lite jubileum i dag. Det er 25 år sidan eg blei med i Nittedal Rotaryklubb, på presidentskiftet i juni 2001. Den gongen var eg ung – og drog *ned* gjennomsnittsalderen i klubben. I dag er eg gamal – og dreg *opp* gjennomsnittsalderen. Det er bare tre som er eldre enn eg i klubben vår.

Lat meg avslutte denne programposten med eit sitat frå Paul Harris (19. april 1868–27. januar 1947).

Life is short, make it count by doing good.

Kva skjedde 24. juni?

Slaget ved Solferino

Solferino [solferíno] er ein landsby i Italia, i regionen Lombardia [lombardía], 30 km nordvest for Mantova [mántova].

I krigen mellom Frankrike og Kongeriket Sardinia på den eine sida, og Austerrike på den andre, stod det eit stort og avgjerande slag ved Solferino den 24. juni 1859. Dei fransk-sardiske troppane, leidde av Napoleon 3 og Viktor Emanuel 2, sigra over austerrikarane, leidde av keisar Franz Joseph. Slaget spelte ei viktig rolle for samlinga av Italia.

Dei lidingane som dei sára her var utsette for, fekk den sveitsiske filantropen Henri Dunant til å skrive Un Souvenir de Solférino (1862), som førte til stiftinga av Røde Kors året etter, det vil seie i 1863. For arbeidet sitt for fredssaka fekk Dunant den første Nobels fredspris i 1901.

Dikt

I dag hadde det passa godt å lese diktet «Vi skal ikkje sova bort sumarnatta» av Aslaug Låstad Lygre, som levde frå 1910 til 1966. Diktet stod i samlinga Eld av steinar (1948), men den vakre tonesetjinga til Geirr Tveitt gjer ei opplesing svært



**Langesund Rotaryklubb
Distrikt 2290**



vanskeleg. Lygre gav ut seks diktsamlingar frå 1943 til 1964, og eg har funne fram diktet «Så stilt skulle det vera», frå samlinga Rit di rune (1957).



SÅ STILT SKULLE DET VERA —

Så stilt skulle det vera i byane
— så stilt at vi kunne høyra duene
kurra over tak og tårn

— så stilt over engene
at vi kunne høyra snigelen
gli gjennom graset.

Så stilt skulle det vera over havet
at vi kunne leggja vårt øyra
til flo og fjøre
og til fiskane sitt andepust
under sivet.

Så stilt skulle det vera i huset
at vi kunne nema solstrålane
rita våre timar på mur og vegg.

Så stilt skulle det vera
— så stilt mellom menneska
at pulsen frå Guds hjarte
fekk tona gjennom våre tankar
og oma i vår tale
som kyrkjeklokke-klang
gjennom bleik vinterskuming.



Opptak av ny medlem

Ny medlem: Kari Haagensen

1. **Framkalling:** Presidenten ber den nye medlemmen og **fadderen** hennar - Geir Gjørme - om å kome fram. [Sekretæren stiller seg klar med Rotary-merket på ei pute.]
2. **Presentasjon:** Fadderen - **Geir** - held ein kort presentasjon av den nye medlemmen, som inkluderer bakgrunn, yrke, busted og familieforhold.
3. **Plikt:** Presidenten gjer greie for Rotarys motto (*Å gagne andre*) og formål, og forsikrar seg om at kandidaten aksepterer desse verdiane og pliktene.
 - a) **Rotarys motto**
 1. **Å gagne andre.**
 2. Engelsk: Service Above Self. Tysk: Selbstloses Dienen.
 - b) **Rotarys formål:**
 1. Rotarys formål er å fremme og styrke viljen til å gagne andre som grunnlag for all virksomhet og spesielt viljen til:
 - i. Å utvikle vennskap som grunnlag for å gagne andre.
 - ii. Å stille høgere etiske krav i vårt yrkesliv, vise respekt for alt nyttig arbeid og bruke hver enkelt rotarianers yrke som mulighet til å gagne samfunnet.
 - iii. Å gagne andre i privatlivet, yrke og samfunnsliv.
 - iv. Å arbeide for internasjonal forståelse, samhold og fred gjennom et verdensomspennende fellesskap av personer fra forskjellige yrker forenet i idealer om å gagne andre.
 - c) **4-spørsmålsprøven**
 1. Om saker vi tenker, sier og gjør:
 - i. Er det sant?
 - ii. Er det rettferdig overfor all det angår?
 - iii. Vil det skape forståelse og bedre vennskap?
 - iv. Vil det være til beste for alle det angår?



4. **Nåling:** Det mest symbolske øyeblikket skjer når presidenten festar **Rotary-nåla** på jakkeslaget til den nye medlemmen. Presidenten oppfordrar medlemmen til å bere merket med stoltheit som teikn på tilhøyrse.
5. **Velkomst og avslutning:** Presidenten ber alle medlemmer om å ta godt imot den nye rotarianeren. Det er naturlig at det nye medlemmet holder en kort takketale. Som avslutning mottar medlemmet ofte en mappe med klubbens vedtekter og informasjon.

Presidentskifte

Da er vi komne til det punktet på dagsordenen som dette møtet har namnet sitt etter – **presidentskiftet**. Som Norsk Rotaryforum skriv på nettsidene sine – «Dette er ... en av klubbens høytidsdager og bør derfor markeres. Når kjedet og/eller andre regalier overrekkes, skal det skje med verdighet.»

1. **Rolf T** oppsummerer sitt år, og tar med gode tips til neste president

Dei siste dagane har eg sete og prøvd å oppsummere dette rotaryåret, som tar slutt ved det komande månadsskiftet. Frå onsdag 6. august og fram til i dag har det vore 47 onsdagar.

Vi har hatt ferie seks onsdagar, så det blir 41 igjen, som vi har fylt med eit rotaryarrangement – foredrag, komitemøte, bedriftsbesøk, galleribesøk, rebusløp, tavletur. I tillegg har det vore tilstellingar på andre vekedagar – rotaryleikar, førjulsprosjekt på Knutepunktet, intercitymøte og arrangement som berre nokre få medlemmer har vore med på – distriktskonferanse, convention, TRF-sertifiseringskurs, Rotary Leadership Institute, PEELS, Litauen-innsamling og presidentsamlingar. Og diverse komitemøte og styremøte.

Det er nesten så eg ikkje tør å gå i detalj, i redsel for å ikkje få med alt. Ein nøyaktig gjennomgang følger på årsmøtet 18. november!

Langesund Rotaryklubb er ein uvanleg aktiv rotaryklubb. Sidan dette er den tredje rotaryklubben eg er medlem av, meiner eg å ha eit godt grunnlag for å uttale meg. Og



grunnlaget blir enda betre ved at eg har vore president i alle - Nittedal, Jevnaker og Langesund.

Eg har stortrivest i alle tre klubbane, og alle tre har sine særeigne gode sider.

- **Nittedal Rotaryklubb** la stor vekt på familien til medlemene. Det var nærmast slik at heile familien var medlemmer i klubben. Når ein medlem var bortreist, var det ganske vanleg at ektefellen eller partnaren kom på møtet i staden, og nokre partnarar var nesten alltid med.
- **Jevnaker Rotaryklubb** la stor vekt på det sosiale, med uvanleg mange arrangement som knytte medlemene tettare saman. I tillegg til fleire hyggjekveldar med god mat hadde dei ril dømes ein årleg fiskekonkurransse og ein årleg skytekonkurransse.
- **Langesund Rotaryklubb** utmerkjer seg med uvanleg profesjonelle og effektive komitear. LRK er den av dei tre klubbane som i størst grad lever opp til det Paul Harris uttrykte slik: **Service above self is the key to a fulfilling life** - eller **Å gagne andre er nøkkelen til eit meningsfullt liv.**

Paul Harris sa mykje klokt, mellom anna også **True leadership is about inspiring others to be their best selves** - eller **Sann leiarskap handlar om å inspirere andre til å vere sitt beste eg.** Eg har berre kunna observere at medlemene våre har vore sitt beste eg, og takkar dykk alle for at det har vore ei slik glede å vere presidenten dykkar dette året!

2. Da vil eg be **Inge** om å kome hit.

- a) Sjølv om vi får til mykje, er vi ein liten klubb. Det merkar alltid den innkomande presidenten når ho eller han skal finne etterfølgjaren sin. Heldigvis sa Inge ja til å ta på seg dette vervet, 15 år etter at han sist var president. Mange tusen takk skal du ha!
- b) **Presidentskiftet**
 - i. Alle reiser seg.
 - ii. **Avtroppende** president ønsker den nye presidenten velkommen osv.
 - iii. Den avtroppende president henger **kjedet** om halsen på den nye og setter på Rotary **presidentnål**. Den nye presidenten ønskes lykke til.
 - iv. **Den nye** presidenten setter en Rotary **past-presidentnål** på sin forgjenger.
 - v. **Inge** takker for tilliten og seier noko om sine planar.

3. Sosialt samvær med snitter



**Langesund Rotaryklubb
Distrikt 2290**



4. Vurdere om det er behov for **en formell avslutning av møtet, Rolf T.** Antar at møtet varer ca 2 timer.
 - a) Vi møtest igjen 12. august. På programmet står Byvandring i Langesund, med Perry Sævik og Thomas Rudolf Thomassen.
 - b) Takk for i kveld – og god sommer!